




Hemsedal Kommune



HALLINGDAL

Leseplan for Hemsedal kommune



Mål og tiltak for 1.-10.trinn



Vi er alle leselærarar

Leseplanen for Hemsedal kommune er ein plan som strekk seg frå 1. til 10. trinn, der målet er at alle lærarar i Hemsedalsskulen skal ha kjennskap til og kunnskap om korleis me driv god leseundervisning og god opplæring i alle fag.

I vår kommune er alle lærarar **gode leselærarar!**

Gode leselærarar har først og fremst tru på at alle elevar kan lære å bli flinkare til å lese, og dei veit at elevar på same trinn kan vere på svært forskjellige nivå. Derfor fokuserer dei på den enkelte elev sine føresetnader, interesser og forkunnskapar.

Gode leselærarar veit kva strategiar gode lesarar bruker, og korleis dei skal hjelpe alle med å bli strategiske lesarar.

Gode leselærarar er klar over at det er viktig å motivere elevane.

Gode leselærarar passar på at elevane har tilgang til et bredt utval av tekstar i ulike sjangrar, ikkje berre for at dei skal kunne velgje og vrake, men like mykje fordi det er viktig å bruke mange forskjellige tekstar når ein skal lære seg gode lesestrategiar.

Gode leselærarar har god tekstkompetanse, spesielt innan fag dei underviser i.

Gode leselærarar utnyttar ulike læringssituasjonar til å arbeide med lesestrategiar, for når elevane likevel skal lese, vil dette arbeidet både styrke forståinga og gjere dei til betre og meir strategiske lesarar.

Gode leselærarar har tru på at vurdering kan gi viktig informasjon både til læraren og til elevane, og dei vurderer elevane på mange ulike måtar og for forskjellige formål. Dei legg særleg vekt på å vurdere elevane undervegs i læringsprosessen, slik at både lærarar og elevar til ei kvar tid veit kva som er elevane sine sterke og svake sider.

Frå boka "Lesedidaktikk etter den første leseopplæringen" – Astrid Roe (2008)

Innhald

Inndeling:	Side
Mål og tiltak for 1. og 2.trinn	3
Mål og tiltak for 3. og 4.trinn	10
Mål og tiltak for 5.-7.trinn	14
Mål og tiltak for 8.-10.trinn	16
Vurdering	19
Samarbeid heim – skule	20
Vedlegg 1-6	1-13

Mål og tiltak for 1. og 2. trinn

Hovudområde 1.trinn: Utforske tale og skriftspråk

På 1. trinn etablerer elevane grunnlaget for den formelle leseinnlæringa. Barna har ulik språkleg kompetanse ved skulestart. Barn med god språkkompetanse ved skulestart har betre føresetnad når dei skal uttrykke seg munnleg og for å lære å lese og skrive. Elevane må leiast til å oppdage og verte merksame på at tale og skrift har ei formside og ei innhaldsside. Formsida kan ein dele opp i setningar, ord, bokstav og lydar, mens innhaldssida kan delast opp i ulike typar bodskap. I løpet av året skal elevane på 1.trinn møte tale- og skriftspråk i så stor grad som mogeleg. Det betyr at samtalar, begrepsforklaringar, forteljingar, fellesopplevingar, høgtlesing og tekstskaping må ha høg prioritet.

Hovudmål 1.trinn:

1. utvikle språkleg bevisstheit
2. lære strategiar og teknikkar for å utvikle leseforståing
3. utforske skriftspråket
4. utvikle læringsstrategiar

1. Utvikle språkleg bevisstheit

Delmål	Arbeidsmetodar
<p>Analyse</p> <ul style="list-style-type: none">• kunne lytte ut lydar: først, inni og sist i ord.• kunne artikulasjonen av språklydane i alfabetet.• forstå samanhengen mellom språklyd og bokstav.• kjenne leseretninga på norsk.• vite kva ei setning, eit ord og ei staving er.	<ul style="list-style-type: none">• følgje progresjonen i språktrappa. Vedlegg 1• trene rim og regler.• bruke språkleikar dagleg (Jørgen Frost), språktrappa.• la elevane møte store og små bokstavar i tekst og skrift.• Leikeskriving og etter kvart skriving med bokstavar.• Dagleg høgtlesing og samtale om innhaldet.• Bruke alle naturlege situasjonar til å forklare ord og begrep.• Bruke peikefinger ved lesing• Talekor på rim og regler
<p>Morfem</p> <ul style="list-style-type: none">• forstå kva som er grunnstamma i ord, døme; katt- en• vite kva samansette ord er.	

<p>Bokstavkunnskap</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kjenne att form, symbol, lyd. • Lære å skrive/lese dei store bokstavane. • Bli kjend med dei små bokstavane. • Trekke lydar saman til ord. <p>Systematisk omgrepsundervisning</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne forklare begrep; form, stilling, storleik og plassering/plass. • Kunne bokstaven sin form, lyd og namn. <p>Lære enkle rim og regler</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne finne ord som rimar. • Kunne rime på eiga hand. • Kunne klappe rytme i rim og regler. 	
---	--

2. Lære strategiar som styrker lytte- og leseforståinga

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none"> • Aktivere forkunnskapar, lære nye ord for å forstå opplesen tekst (tankekart) • Oppdage verkemiddel i tekst – illustrasjonar, bilete etc. • Forstå korleis tekst og bilete fortel saman og kvar for seg. • Bli kjend med ulike sjangrar som eventyr, rim, regler, fakta, gåter og vitsar. • Kunne oppsummere tekst <ul style="list-style-type: none"> - tankekart - teikning • Kunne stille spørsmål til ord og innhald dei ikkje forstår. 	<ul style="list-style-type: none"> • Samtale om ord og bilete før og undervegs i høgtlesingsøker • Dagleg høgtlesing av ulike sjangrar og samtalar om innhaldet • Teikne tankekart saman for å oppsummere innhaldet i forteljinga • Rollespel

3. Oppnå bokstavforståing

Den formelle bokstavinnlæringa startar desember/januar etter grundig og systematisk arbeid med språkleg bevisstheit og begrep.

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none">• Oppdage kva bokstavane kan brukast til• Kan bokstavane si form, lyd og namn• Lære å skrive bokstavane. Elevane skal lære å skrive dei store bokstavane først.• Kjenne skrive-/leseretninga• Skrive enkle lydrette ord• Lese ord ved hjelp av bokstavane sine lydar på eit enkelt nivå, og forstå kva dei les	<ul style="list-style-type: none">• Leikeskriving• Skrive felles tekstar• Skrivning med «sekretær»• Det er viktig med tilpassa systematisk leseopplæring<ul style="list-style-type: none">- Bruke peikefinger ved lesing- Bokstav til lyd- Trekke saman lydane til ord- Korlesing- Eiga lesing- Høgtlesing

4. Utvikle læringsstrategiar

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none">• Lære tankekart• Lære begrepshus• Aktivere forkunnskap• Attforteljning	<ul style="list-style-type: none">• Modellere tankekart og begrepshus i alle fag• Sjå Arbeidsmetodar over

Hovudområde 2.trinn: Tale- og skriftspråk blir utvida med å skrive og lese enkle tekstar.

I starten av 2.skuleår vil nokre av elevane kunne lese, nokre kunne skrive slik at andre forstår innhaldet og andre kan vere fonologisk usikre. Dette viser at undervisninga må vere tilpassa barna si næraste utviklingsone. Denne tilpassinga er avgjerande for at elevane skal oppleve meistring, utvikle sjølvtilitt og få motivasjon.

På dette trinnet skal elevane bli trygge på å kople rett lyd til rett bokstav, lydar saman til ord, ord til setningar og setningar til forteljingar.

På andre årstrinn brukar elevane enkle strategiar for leseforståinga. Det inneber at elevane kjenner og brukar Arbeidsmetodar som gjer dei i stand til å lese enkle tekstar med samanheng og forståing. Det handlar mellom anna om å lese målretta for å forstå.

Lesing blir i stadig større grad ein naturleg del av alle timar i alle fag.

Hovudmål 2.trinn:

1. **Utvikle vidare språkleg bevisstheit og fonologisk avkoding**
2. **Vidareutvikle strategiar og teknikkar for å auke leseforståinga**
3. **Utvikle skriftspråket**
4. **Utvikle læringsstrategiar**

1. **Utvikle vidare språkleg bevisstheit og fonologisk avkoding**

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none">• Bokstavkunnskap:• Kunne kople bokstav til lyd, og omvendt.• Lese små og store bokstavar• Kunne kva som er vokal og konsonant.• Kunne diftongane• Vite kva tekst, setning og eit ord er.• Jobbe med morfema, finne dei meiningsberande delane i orda.• Skrive korte setningar og variere oppbygginga.• Skrive små forteljingar	<ul style="list-style-type: none">• Nødvendig repetisjon frå 1.klasse• Repetisjon av språkleikar av Jørgen Frost (Sjå vedlegg ang tidsbruk)• Sette av fast tid til høgtlesing av lærar, helst dagleg• Ha tilgang til eit rikt utval av bøker i ulike sjangrar og nivå i klasserommet.• Jobbe med før-forståing, innhaldsforståing og med hypotesar.• Bruke peikefinger ved lesing.• Bruke visuell og taktill støtte• Tilpassa leselekser til kvar dag• Jamnleg eigenlesing, helst kvar dag

<ul style="list-style-type: none"> • Dele opp ord i stavingar ved å sette ein prikk under vokalane og sette loddrett delestrek mellom stavingane. • Lese to- og trestavingsord med å peike på vokalane • Kunne skrive lydrette ord og skrive enkle setningar • Utforske og kjenne att småord som ikkje er skrivne lydrett, som «er», «og», «jeg», «deg» osv. • Skrive seg til lesing for hand og på tastatur. 	<ul style="list-style-type: none"> • Rettleia lesing • Repetert lesing • Kor-lesing • Lese saman med medelevar • Framføre eigne tekstar og teikningar. • Lese høgt for ein vaksen i klassen eller gruppa. Læringspar. • Jamleg besøk til og av bibliotek
--	---

2. Vidareutvikle strategiar og teknikkar for å auke leseforståinga.

Delmål	Arbeidsmetodar
<p>Strategiar før lesing:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ta i bruk elevane sine førkunnskapar • Arbeide med ord og begrep i teksten • Lære om tekststrukturelle verkemiddel (illustrasjonar, bilde og overskrift) • Språklege verkemiddel (bildeuttrykk og snakkebobler) • Kjenne ulike sjangrar: Eventyr, rim, regler, gåter, vitsar, fakta, fiksjon, lister, tabellar, statistikk, bruksretteiingar, diagram oppskrifter og plakatar. <p>Under lesing/bearbeiding av tekst:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lage enkle spørsmål til teksten og svare på spørsmål • Samanlikne det som står i teksten med eigne bakgrunnskunnskapar • Spørre kva ukjente ord tyder • Sjå føre seg det som kjem til å skje • Reflektere over innhaldet 	<p>Nødvendig repetisjon frå 1.klasse.</p> <p>Drive med erfaringsbasert begrepsutvikling:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hjelpje elevane til å “finne fram” eigen bakgrunnskunnskap og erfaring som kan nyttast under lesing • Begrepshus • Tankekart • Forklare ukjente ord og begrep • Snakke om kva type sjanger og kva læringsfokuset er. • Dialog mellom lærar/elevlar. Bruke læringspar • Hyppige læringsamtaler, felles undervisning og modellering. • Bruke mykje samtale om språk og innhald. • Stasjonsarbeid • Lage/lese rekneforteljingar • Skrive eigenproduserte tekstar med utgangspunkt frå teksten, felles og

<p>Etter lesing:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppsummerer innhaldet • Finn svar på spørsmål til teksten • Fortel att innhaldet • Reflekterer over innhaldet • Fortel om egne opplevingar 	<p>individuelt, t.d. logg, referat, melding ulike lister.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lage og lese rekneforteljingar
--	--

3. Utvikle skriftspråket

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none"> • Kunne skrive enkle lydrette ord • Kunne skrive korte setningar • Utvikle skriveglede: • Kunne skrive små forteljingar • Lage tekstar som kombinerer tekst og bilete på ein leikande og utprøvande måte • Kunne variere oppbygginga av ei setning på minst to måtar • Kunne lage spørsmål til setningar • Skrive setningar med store og små bokstaver, punktum, spørjeteikn og utropsteikn 	<ul style="list-style-type: none"> • Eigenskriving; lage egne bøker, og biletbøker, skrive av etter skriven tekst • Skrive enkle tekstar etter ein fast modell. (Terningforteljingar) • Skrivning med hjelp av "sekretær" • Bruke skrivning til funksjon; lister, meldingar og oppskrifter • Skrive seg til lesing • Ulike øvingsoppgåver

4. Utvikle læringsstrategiar

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle tidlegare lærde læringsstrategiar: • Aktivere forkunnskapar • Begrepshus • Tankekart • Attforteljing og samandrag 	<p>Aktiv modellering og bruk av læringsstrategiar i alle fag</p>

Mål og tiltak for 3. og 4. trinn

Hovudområde: Lese og skrive for å lære og oppleve

3. trinn er «lese-nøye-året»!

Det er viktig at dei elevane som heng etter frå grunnopplæringa vert fanga opp og får ekstra støtte og hjelp.

Hovudmål 3. og 4. trinn:

1. Utvikle flytande og automatisert lesing
2. Utvikle leseforståing: å lese for å tileigne seg opplevingar, kunnskap og informasjon
3. Vidareutvikle skriftspråk
4. Utvikle bruk av læringsstrategiar

1. Utvikle flytande og automatisert lesing

Delmål	Arbeidsmetodar
<p>Delmål 3. og 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kunne bruke gode strategiar for lesing av vanskelege ord.• Automatisere lesing av høgfrequente ord.• Kunne lese tekstar nøyaktig og kontrollert (nærlesing).• Kunne lese tilpassa tekstar med god flyt.• Forstå innhaldet i ulike tekstar.• Kunne lese på ulike måtar: høgtlesing, kor-lesing og stillelesing.• Velje bøker ut frå eigne interesser og leseferdigheiter. <p>Delmål 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none">• Auke lesehastigheita utan at det minskar tryggleiken og forståinga.• Lese med innleving (intonasjon, tilpasse til ulike sjangrar).	<p>Arbeidsmetodar 3. og 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none">• Naudsynt repetisjon frå 1. og 2. trinn.• Kartleggje for å finne kvar enkelt elev sitt meistringsnivå og utfordringar.• Intensive lesekurs i grupper på maks. 4 elevar over 8-10 veker.• Framleis sterkt fokus på enkeltlydar og stavingar.• Arbeid med språkleg medvit:<ul style="list-style-type: none">○ språkleiker○ stavingar○ samanheng mellom bokstav/bokstavkombinasjon og lyd○ morfem (grunnstamma i ord, samansette ord, endingar)○ ord- og setningskunnskap• Knyttneveprøva.• Dagleg leselekse heime.• Bruke ulike lese måtar, som høgtlesing, kor-lesing, par-lesing, stillelesing.

	<ul style="list-style-type: none"> • Ulike leseprosjekt, til dømes bibliotekbesøk med bokprat, bokorm, "Leselyst" (4. trinn). • Klasselesekurs. • Lesesamtalar med individuelle lesetekstar.
--	---

2. Utvikle leseforståing

Delmål	Arbeidsmetodar
<p>Delmål 3. og 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lese for å lære. • Kunne fortelje att ein tekst. • Kunne stille enkle spørsmål til ein tekst. • Finne svar på spørsmål i ein tekst. • Reflektere over innhaldet i ein tekst. • Kunne vurdere hensikt og føremål for lesinga. • Kjenne til tekststrukturelle verkemiddel: innhaldsliste, overskrift, bilde, bildetekst, font. • Kunne tolke enkle tekstar. • Kjenne til nokre språklege verkemiddel som gjentakning og enkle språklege bilde. • Kunne lese og lytte til ulike sjangrar: forteljingar, eventyr, songtekstar, faktabøker, dikt, gåter/vitsar, skodespel, lister og brev, på begge målformer. • Kunne lese og tolke enkle tabellar, diagram, statistikk og bruksretteiingar. • Kunne skilje mellom meiningar og fakta i tekstar. 	<p>Arbeidsmetodar 3. og 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Læringsamtalar: fellesundervisning, modellering, dialog (lærer/elev og elev/elev). • Arbeid med bevisstgjerung, førforståing, hypotesar og oppsummering (før, under og etter lesing). • Høgtlesing i klassen. • Parlesing og repetert lesing. • Ulike leseprosjekt. • Lese fagtekstar, skjønnlitteratur og instruerande tekstar med rettleiing. • Bruk av skulebibliotek og oppmuntre til bruk av folkebibliotek. • Forfattarbesøk. • Stasjonsundervisning. • Begrepsundervisning i grupper. • Formidle og utforske tekstar gjennom leik, bevegelse og andre kreative uttrykk. • Utforske skilnader og likskapar mellom nynorsk og bokmål.

<p>Delmål 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne lese ulike tekstar på ulike måtar (oppleve, lære noko, gjere noko). • Kjenne til sjangrar: avistekstar og enkle intervju. 	
---	--

3. Vidareutvikle skriftspråk

Delmål	Arbeidsmetodar
<p>Delmål 3. og 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunne skrive tekstar med struktur (byrjing, hovuddel og avslutning), med funksjonell handskrift og med tastatur. • Kunne skrive enkle samandrag. • Kunne utforme eigne samansette tekstar. • Kunne rettskrivingsreglar og bruke dei i eigne tekstar. • Automatisere skriving av høgfrekvente ord. • Kunne skrive samanhengande skrift. • Kunne variere språket. • Utvikle ordforrådet og variere setningsoppbygginga. • Kunne bruke komma og andre skiljeteikn i tekst, og i tillegg bruke overskrift, marg og linjeskift. 	<p>Arbeidsmetodar 3. og 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skrive eigne bøker og fellesbøker. • Lage enkle bokmeldingar/leselogg. • Lage faktahefte. • Bruke PC som skrivereiskap og eigna PC-program til øving. • Spore og skrive funksjonell samanhengande skrift (løkkeskrift). • Øve på skriving og forståing av høgfrekvente ord. • Få hjelp til igangsetting av skriving gjennom bl.a. tenkeskriving, planlegging, setningsstartarar - med og utan bilde.

4. Utvikle bruk av læringsstrategiar

Delmål	Arbeidsmetodar
<p>Delmål 3. og 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle tidlegare innførte læringsstrategiar: aktivisere forkunnskapar, tankekart, begrepshus, attforteljing/samandrag. • Kunne bruke tilpassa lesestrategiar: <ul style="list-style-type: none"> ○ Oversiktslesing (skimming) ○ Informasjonslesing (scanning) ○ Nærlesing • Kunne finne nøkkelord i ein tekst. 	<p>Arbeidsmetodar 3. og 4. trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Aktiv modellering og bruk av læringsstrategiar i alle fag. • Vurdering gjennom praktisk arbeid, samtalar og meningsutvekslingar.

<ul style="list-style-type: none">• Bruke BOK-strategien: bilde, overskrift, kursiv.• Kunne søke informasjon ved bruk av IKT.• Kunne vurdere seg sjølv og si eiga læringsutvikling.	
---	--

Mål og tiltak for 5. - 7. trinn

Hovudområde:

På mellomtrinnet skal elevane vidareutvikle sin lesekompetanse. Det handlar om å lese på ulike måtar til ulike formål. "Den andre leseopplæringa" fokuserer på leseforståing og gode strategiar som fremmar forståinga.

Hovudmål for 5.-7.trinn:

1. Meistre flytande og automatisert lesing
2. Kunne lese for å tileigne seg opplevingar, kunnskap og informasjon
3. Bruke lesestrategiar som er tilpassa formålet med lesinga
4. Bruke varierte læringsstrategiar som fremmar læring og forståing

1. Meistre flytande og automatisert lesing

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none">• Meistre høgtlesing med innleving• Bli bevisst sin eiga lesing• Kunne velje passande lesestoff / bok ut frå eigne leseferdigheiter	<ul style="list-style-type: none">• Lesestimulerande tiltak; lesetimar, leseprosjekt, bokprat, besøk på biblioteket.• Mengdelesing. Ha tilgjengeleg eit variert utval av bøker, også lydbøker.• Bruke tekstar tilpassa elevane sitt nivå (knyttneveprøva)• Fortsette arbeidet med språklege detaljar; morfem, stavingar, samansette ord og bøyingar.• Høgtlesing. Korlesing/medlesing.• Bruk av kartlegging/testar for å finne kvar elev sitt meistringsnivå og evt. problem.• Tilby eigne lesekurs for dei som treng det.

2. Kunne lese for å tileigne seg opplevingar, kunnskap og informasjon

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none">• Finne fakta frå ulike kjelder• Vidareutvikle forståinga for ord og begrep• Tolke og forstå tekstar med matematisk innhald	<ul style="list-style-type: none">• Læringsamtalen; fellesundervisning, modellering, dialog (lærer/elev, elev/elev)• Lære å bruke bibliotek og internett

<ul style="list-style-type: none"> • Tolke former, teikn og symbol i alle fag • Tolke og forstå innhald i visuell kommunikasjon • Kunne aktivere eigne kunnskapar og erfaringar knytt til emnet • Kunne forstå både det eksplisitte innhaldet, og det som ligg bak og mellom linjene • Uttrykke forståing og leseoppleving • Reflektere over og vurdere innhaldet 	<ul style="list-style-type: none"> • Fokuserer på ord og begrep; synonym, kategorisering, bruk av begrepskart • Lese og lage tabellar og diagram • Aktivere elevane sine forkunnskapar (VØSL, tankekart, samtale) • Skrive leselogg, bokomtale, presentere bøker for kvarandre. • Stille både tekstspørsmål og tankespørsmål • Øve opp evna til kritisk lesing.
---	---

3. Bruke lesestrategiar som er tilpassa formålet med lesinga

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none"> • Kunne skumlese/oversiktslese, nærlese/detaljlese, leitelese. • Bli klar over korleis ein kan lese på ulike måtar for ulike formål • Ta i bruk hensiktsmessige leseteknikkar for ulike typar tekstar • Kjenne att ulike sjangrar. • Forstå korleis ein tekst er bygd opp • Bli bevisst strukturelle verkemiddel i ein tekst. 	<ul style="list-style-type: none"> • Øve seg på å bruke ulike leseteknikkar, og vurdere kva for lesemtatar som passar til ulike tekstar. • Lese ulike sjangrar som bruksrettleiing, oppskrifter, tabellar, samansette tekstar, fagtekstar, intervju, reportasjar, biografi, forteljing med meir. • Studere tekstar og sjå korleis dei er oppbygde. Lære om tekststrukturelle verkemiddel; innhaldsforteikning, bilettekstar, tekstboksar, fotnotar og tabellar. • Øve på å bruke oppslagsverk, leksikon, ordbøker og internett

4. Bruke varierte læringsstrategiar for å fremme læring og forståing

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none"> • Kjenne til og kunne bruke ulike læringsstrategiar i arbeidet med ein tekst • Vite kva for strategiar som er mest hensiktsmessige å bruke før, under og etter lesing. • Finne ut kva for læringsstrategiar som passar best for din måte å lære på. 	<ul style="list-style-type: none"> • Aktiv modellering og bruk av læringsstrategiar i alle fag. • Gjere eigne erfaringar med ulike strategiar; tankekart, nøkkelord, samandrag, læresamtale, venn-diagram/samskjema, kolonnennotat (f.eks. VØL/VØSL), BISON-overblikk, FoSS (forholdet spørsmål-svar) Hjelp kvar enkelt elev til å finne kva for strategiar det er lurt å bruke før, under og etter lesing.

Mål og tiltak for 8.-10. trinn

Hovudområde:

På ungdomstrinnet skal elevane framleis vidareutvikle sin lesekompetanse gjennom tekstsaking, sjangerforståing og bevisstheit rundt det å lese med ulik intensjon. "Den vidaregåande leseopplæringa" fokuserer på å få innsikt, finne informasjon, forstå, halde seg kritisk og sjølvstendig til, tolke, reflektere over og vurdere innhald frå eit breitt utval av sjangrar frå notid og fortid på skjerm og papir. «Lesing er skriftleg kommunikasjon».

Hovudmål for 8.-10.trinn:

1. Vidareutvikle eiga tekstsaking og eige skriftspråk
2. Kunne lese for å tileigne seg opplevingar, kunnskap og informasjon
3. Bruke hensiktsmessige lesemåtar og teknikkar til ulike tekstar og ulike formål
4. Bruke hensiktsmessige læringsstrategiar som fremmar læring og forståing

1. Vidareutvikle eiga tekstsaking og eige skriftspråk

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none">• Skrive ulike typar tekstar etter mønster av eksempeltekstar og andre tekstar• Uttrykke seg med eit variert ordforråd og meistre formverk, ortografi og tekstbinding.• Planlegge, utforme og omarbeide eigne tekstar manuelt og digitalt, og vurdere dei undervegs i prosessen ved hjelp av kunnskap om språk og tekst.• Skrive kreative, informative, reflekterande og argumenterande tekstar med grunngeve synspunkt og som er tilpassa mottakar, formål og medium	<ul style="list-style-type: none">• Aktiv modellering

2. Kunne lese for å tileigne seg opplevingar, kunnskap og informasjon

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none"> • Finne fakta frå ulike kjelder • Vidareutvikle forståinga for ord og begrep. • Tolke og forstå tekstar med matematisk innhald • Tolke former, teikn og symbol i alle fag • Tolke og forstå innhald i visuell kommunikasjon • Kunne aktivere eigne kunnskapar og erfaringar knytt til emnet • Kunne forstå både det eksplisitte innhaldet, og det som ligg bak og mellom linjene • Uttrykke forståing og leseoppleving • Reflektere over og vurdere innhaldet 	<ul style="list-style-type: none"> • Læringsamtalen; fellesundervisning, modellering, dialog (lærer/elev, elev/elev) • Lære å bruke bibliotek og internett • Fokusere på ord og begrep; synonym, kategorisering, bruk av begrepskart • Lese og lage tabellar og diagram. • Aktivere elevane sine forkunnskapar (VØL, tankekart, samtale) • Skrive leselogg, bokomtale, presentere bøker for kvarandre. • Stille både tekstspørsmål og tankesørsmål • Øve opp evna til kritisk lesing.

3. Bruke hensiktsmessige lesemåtar og teknikkar til ulike tekstar og ulike formål

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none"> • Kunne skumlese/oversiktslese, nærlese/detaljlese, leitelese. • Bli klar over korleis ein kan lese på ulike måtar for ulike formål • Ta i bruk hensiktsmessige leseteknikkar for ulike typar tekstar • Kjenne att ulike sjangrar. • Forstå korleis ein tekst er bygd opp. • Bli bevisst strukturelle verkemiddel i ein tekst. 	<ul style="list-style-type: none"> • Øve seg på å bruke ulike leseteknikkar, og vurdere kva for lesemåtar som passar til ulike tekstar. • Lese ulike sjangrar som bruksretteleing, oppskrifter, tabellar, samansette tekstar, fagtekstar, intervju, reportasjar, biografi, forteljing med meir. • Studere tekstar og sjå korleis dei er oppbygd. Lære om tekststrukturelle verkemiddel; innhaldsforsteikning, bildetekstar, tekstboksar, fotnotar og tabellar. • Øve på å bruke oppslagsverk, leksikon, ordbøker og internett

4. Bruke hensiktsmessige læringsstrategiar for å fremme læring og forståing

Delmål	Arbeidsmetodar
<ul style="list-style-type: none">• Kjenne til og kunne bruke ulike læringsstrategiar i arbeidet med ein tekst.• Vite kva for strategiar som er mest hensiktsmessige å bruke før, under og etter lesing.• Finne ut kva for læringsstrategiar som passer best for din måte å lære på	<ul style="list-style-type: none">• Aktiv modellering og bruk av læringsstrategiar i alle fag.• Gjere egne erfaringar med ulike strategiar; tankekart, nøkkelord, samandrag, læresamtale, venndiagram/sam-skjema, kolonnenotat (f.eks VØSL), BISON-overblikk, Hjelpе kvar enkelt elev til å finne kva for strategiar det er lurt å bruke før, under og etter lesing.

Vurdering

Formålet med undervegs vurdering i ulike fag er å

- Bidra til å fremme læring og til å utvikle kompetanse i faga
- Stimulere til lærelyst gjennom elevmedverknad og kreativitet
- Utvikle elevane sitt uthald i lesing av lengre tekstar
- Motivere elevane til å arbeide vidare i faga
- Gje grunnlag for rett tilpassa opplæring
- Beskrive den oppnådde kompetanse til elevane

Lærarane skal vera *tett på* leseutviklinga til elevane og sikre at alle elevar får tilpassa leseopplæring. Det skal settast inn tiltak tidleg i læringsløpet - ikkje *vente og sjå*. Lærarane skal på sine team dele resultat frå lesekartlegging med dei andre faglærarane. Skulen skal gje tilbod om intensive lesekurs for elevar som strever med lesing. Slik kan skulen sikre ein felles praksis rundt vurdering og oppfølging av enkeltelevar.

Kompetansemåla dannar grunnlaget for vurdering i fag. Alle dei grunnleggande ferdigheitene, inkludert lesing, er integrert i kompetansemåla til faga. Denne leseplanen er utvikla med tydelege mål og delmål, og saman med fagplanar vil denne planen kunne danne grunnlaget for vurdering innanfor lesing.

Eksempelvis vil det å kunne lese i matematikk vera å kunne tolke og dra nytte av diagram, tabellar, symbol og formlar. Lesing i KRLE-faget vil mellom anna vera å innhente informasjon, reflektere over, tolke, søke meining og halde seg kritisk til forteljing og fagstoff. Desse fagplanane vil klargjera kva som skal vurderast, og lesing er ein viktig faktor for å lære i alle fag.

Samarbeid heim - skule

Skulen skal gjennom samarbeid med heimane bidra til at foreldre/føresette:

- Veit kva barnet meistrar innanfor lesing
- Følgjer opp leseutviklinga til barnet gjennom konkrete avtalar med lærar
- Veit korleis lærar tilpassar opplæringa på trinnet og for sitt barn
- Får god informasjon om skulens arbeid med lesing og vurdering
- Uttrykker positive haldningar til skulen sitt arbeid

Lærarane skal gje konkrete tilbakemeldingar om elevane sine faglege ståadar til føresette, og gje råd om korleis dei kan støtte læringsarbeidet generelt og lesing spesielt.

Tips til heimane:

Bruk tid med barna dykkar kvar dag! Set deg ved sida av den som les.

- 1) **Førebu lesinga saman: Sjå på og bla gjennom teksten. Sjå berre på overskrifter, innleiingar til avsnitt og bilete.**
- 2) **Etter at de har sett på overskrifter osv., spør om barnet ditt klarar å tenke seg kva innhaldet i teksten handlar om.**
- 3) **Be barnet ditt stille seg spørsmål når noko er uklart, forsøk å finne svaret eller ta spørsmålet med tilbake til læraren.**

BØNN

Å, mektige feer!
Gi mitt barn i faddergave
ikke bare helse og skjønnhet og rikdom
og alt det der som dere pleier å komme stikkende med.
Gi mitt barn lesehunger, det ber jeg om med brennende hjerte!
For jeg ville så gjerne at mitt barn skal få i sin hånd
nøkkelen til eventyrlandet,
hvor man kan hente den skjønneste av alle gleder
- slik burde hver eneste mamma tenke!

Astrid Lindgren

(og slik burde pappa også tenke)

